

Historiske statusar: Testing for smitte av koronaviruset i Surnadal

Oppdatert: Du kan kontakte korona-telefonen i Surnadal på 913 79 001 mellom kl. 09.00-15.00, for å be om testing, dersom du mistenkjer koronasmitte. Du treng ikkje vere sjuk. Frå onsdag kl 11:30 i påskeveka, skal slike henvendelsar gå via legevakttelefon 116 117.

Det er og muleg å få testa seg på laurdag/påskeaften i Surnadal mellom kl 12.00-14.00. Dette viss ein har vore i dialog med legevakttelefon.

NB! Pasientar med aktiv sjukdom med behov for legehjelp skal henvende seg direkte til legesenteret i Surnadal i kontortida på telefon 71 65 78 00 kvardagar, eller til legevakt etter kontortid på telefon 116117. Ved livstruande sjukdom, ring nødnummer 113.

Tidlegare testkriterie av 26.03.2020:

Kommuneoverlegen ber deg kontakte korona-telefonen for vurdering av behov for prøvetaking og bestilling av legetime, dersom eitt av punkta under gjeld for deg:

- 1: du opplever aukande symptom på hoste, tungpust og/eller feber dei siste døgn
- 2: du er i karantene og er ikkje testa frå før
- 3: du skal i karantene fordi du har ankommet Surnadal kommune frå opphald/ reiser i utlandet eller i fylke utanfor Møre og Romsdal som, jfr. gjeldande vedtak av 24.03.2020 frå kommuneoverlegen, medfører karanteneplikt, jfr. pkt 4 i vedtaket. Sjå sitat under for områda dette gjeld:

4) *Vedtaket gjelder per 24.03.2020 følgende områder: Fylkene Oslo, Agder, Rogaland, Viken, Vestfold og Telemark, Innlandet og Vestlandet. For studenter gjelder området hele landet. Transittopphold på flyhavn regnes ikke som opphold i området.*

Studenter i utdanning etter videregående opplæring med tilhold ved undervisningssteder utenfor kommunen ilegges hjemmekarantene i 14 dager etter ankomst i kommunen. Vedtaket gjelder til og med 31.03.2020

Du treng ikkje ha symptom for å ta kontakt for å bli vurdert for testing under punkt 2 og punkt 3.

Ring vår korona-telefon for å få bekrefta om du tilhører ein av desse kategorane for testvurdering:

- **Telefon: 913 79 001**
- **Mellom kl. 09.00-19.00 (kvardagar)**
- **Mellom kl. 10.00-14.00 (helg)**

Korona-telefonen gir veiledning om kva du skal gjere vidare.

Du skal sjølvsagt framleis ringe fastlege/legekontor ved behov for alle typar helsehjelp du måtte trenge.

Vi viser elles til kommunen sitt vedtak om restriksjonar etter Smittevernloven.

Sjå gjeldande vedtak frå kommuneoverlege her.

Øvrige testkriterie gjeld for Helse Møre og Romsdal:

Mistenkt COVID (passende symptom):

1. Pasient med behov for innleggelse.
2. Er pasient eller bor i en helseinstitusjon.
3. Er ansatt i helsetjenesten med pasientnært arbeid. Testes også ved mildere akutte luftveissymptomer som har vart over 2 døgn (mens de holder seg hjemme).
4. Er over 65 år og har underliggende, kronisk sykdom (som hjerte-karsykdom, diabetes, kronisk lungesykdom, kreft og høyt blodtrykk).
5. Har vært i nærkontakt med en person som har bekreftet covid-19.
6. Andre ansatte i helsetjenesten som utøver kritisk funksjon og hvor arbeidet krever oppmøte på helseinstitusjon.
7. Andre personer med sterk mistanke om COVID som har vært i kontakt med særlig mange mens de var symptomatiske, og hvor videre smitte har stor konsekvens.

Publisert26.03.2020 08.45